

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
036/23	Formannskapet	PS	03.05.2023
037/23	Heradsstyret	PS	10.05.2023

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hilde Revheim Sture	23/1235

## Stillingstittel for Rådmannen

### Vedlegg:

Oversikt over stillingstitlar i Vestland

Ordførar sitt framlegg til vedtak:

### Formannskapet - 036/23

#### FS - behandling:

#### AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

#### FS - vedtak:

Tittel på øvste administrative leiar i Osterøy kommune vert endra frå Rådmann til Kommunedirektør.

#### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

I ny kommunelov som tredde i kraft i 2019 vart tittelen nytta i lova for øvste administrative leiar i ein kommune endra frå Rådmann til Kommunedirektør. Det er framleis frivillig kva tittel ein nyttar, og sidan Osterøy kommune ikkje har tatt grep for å endra tittelen er den her framleis Rådmann.

Hovudårsaka for at tittelen vart endra i lovverket er ein del av eit større arbeid der staten arbeider for å gjere alle stillingstitlar kjønnsnøytrale.

No, snart 4 år etter lova tredde i kraft, tar stadig fleire i bruk den nye tittelen. Nokon kommunar endrar tittel ved nyttilsetjing, medan andre har politisk vedteke å skifte tittel på sitjande leiar. I Vestland er det 27 av 43 kommunar som nyttar Kommunedirektør medan 15 nyttar framleis Rådmann.

#### Bakgrunn

I Nordhordland som er vår region er det berre Masfjorden og Modalen som framleis brukar tittelen rådmann i tillegg til Osterøy. Følgjeleg har det som tidlegare heitte Rådmannsutvalet i Nordhordland no skifta namn til Kommunedirektørutvalet. KS har og skifta namn på sine nasjonale og regionale

utval til Kommunedirektørutval.

Med bakgrunn i det over meiner Ordførar at ein på Osterøy no bør ta stilling til om Rådmannen skal halde fram med tittel som i dag eller skifte tittel til Kommunedirektør.

### **Vurdering**

Med omsyn til eit overordna mål om kjønnsnøytrale stillingstitlar og i tråd med fleirtalet i regionen vår og i fylket og har Ordførar landa på at han vil rå til at tittelen på øvste administrative leiar i Osterøy kommune vert endra til Kommunedirektør.